



Styring og leiing i Vanylven kommune



Kommunedirektørens styringsdokument revidert i k-sak x i kommunestyremøte x

Kommunedirektørens styringsdokument revidert i k-sak 97/23 i kommunestyremøte 05.09.2023.

Rådmannen sitt styringsdokument vedteke i k-sak sak 45/2019 i kommunestyremøte den 19.03.2019.

Innholdsliste

Innleiing	3
1. Vanylven kommune – kva er det?	4
1.1 Vanylven kommune – busetting og tenestetilbod.....	5
1.2 Vanylven kommune – folketalsutvikling og økonomi	6
1.3 Vanylven kommune – innbyggjarane og folkehelse	7
1.4 Vanylven kommune – innbyggjarane og lokaldemokratiet.....	10
2. Korleis styre Vanylven kommune?	11
2.1 Vanylven kommune – langsiktig styring gjennom arealplanen	12
2.2 Vanylven kommune – langsiktig styring gjennom samfunnsdelen.....	13
2.3 Vanylven kommune – supplerande styring gjennom temaplanar	14
2.4 Vanylven kommune – styring gjennom måltal i økonomiplanen.....	15
2.4.1 Styringstal for budsjettering.....	15
2.4.2 Vidareføring av mindre- og meirforbruk	16
2.4.3 Økonomi og omstilling	16
2.4.4 Andre måltal i økonomiplanen.....	17
Arbeidsmiljøundersking april 2025	25
3. Korleis leie Vanylven kommune?	27
3.1 Vanylven kommune – delegasjon til kommunedirektøren.....	28
3.2 Vanylven kommune – organisasjonen til kommunedirektøren	30
3.4 Vanylven kommune – tillitsbasert leing.....	31
4. Korleis ha oversikta i Vanylven kommune	32
4.1 Tenesteproduksjon	33
4.2 Sanntidsrapportering	33
4.3 Drift – kontroll på økonomistyringa	34
4.4Prosjektstyring – porteføljestyling.....	34
5. Korleis ha kontroll i Vanylven kommune	35
6. Møte- og temaplan for Vanylven kommune	37
7. Prosjektstyring og porteføljeoversikt	38

Innleiing

I dette dokumentet gi vi eit innblikk i kva ein kommune er; - både kva oppgåver kommunen har; kven som bestemmer i kommunen og korleis kommunen blir styrt og leia. Dokumentet vil difor vere informativt for deg, uansett om du bur i kommunen; driv næringsverksemd; er engasjert i frivillig arbeid; er folkevald eller tilsett i kommunen. Du treng ikkje å lese heile dokumentet, men du kan bruke innhaldsforteikna som eit oppslagsverk for dei områda du ønskjer å lese meir om.

Kvifor er det viktig å forklare dette om kommunen? Det er slik at dei oppgåvene du utfører kvar dag, om det er heime eller på jobb, så blir du betre og betre i det du skal gjere. Du får meir og meir informasjon om det du skal utføre, og mykje av det du skal gjere blir sjølv sagt. Til slutt trur du at det er noko alle andre også veit, men slik er det no ikkje.

Alle organisasjonar, både private, offentlege, er så spesialiserte at dei kan vere vanskeleg å forstå for utanforståande. Eit eksempel er at verksemda ofte etablerer eit eige språk, som vi etter kvart trur alle rundt oss veit kva er. For å bli meir effektiv, så bruker vi forkortingar og i Vanylven kommune har vi til dømes forkortingane HEOM, KUOP, TEKNISK og STAB, som skal seie noko om korleis kommunen er organisert. Vi bruker tilsvarande forkortingar når vi skal skildre tenester, slik som FLS, NAV, SSIKT, ROP-bustader, EPS og bortetter. Det er klart at det er viktig å bli effektiv og presis i den interne kommunikasjonen, og nokre forkortingar er meir kjende enn andre, men likevel må vi unngå eit slikt «stammespråk» i kommunikasjon med andre utanfor vårt område.

Det blir i dette styringsdokumentet vist til korleis kommunen finansierer drifta si og kva som skje når kommunen brukar for mykje pengar og kva kommunen gjer når det blir pengar til overs. Styringsdokumentet vil òg vise kvifor kommunen utfører oppgåver, slik som helsestasjon, legeteneste, barnehage, skule, heimeteneste, sjukeheim, vegvedlikehald, vatn og renovasjon.

Det er viktig at kommunen gjer oppgåvene på rett måte og har ein plan for korleis oppgåvene skal løysast. Vi må difor vere tydelege på korleis vi skal gjere oppgåvene. Det vil seie at vi må vite kor mange lærarar vi treng for å kunne undervise borna i skulen og vi må vere sikker på at lærarane har rett utdanning.

Ved å lese i dokumentet får du ei oversikt over kven som bestemmer i kommunen, slik at kommunen får utført oppgåvene – dette gjennom styring og leiing.

Andreas Christian Nørve,
kommunedirektør

1. Vanylven kommune – kva er det?

Vanylven kommune er eit område i Møre og Romsdal på 385 km² med 2 997 innbyggjarar per 1. kvartal 2023. Kommunen ligg på grensa til Vestland fylke, men tilhøyrar regionen Søre Sunnmøre i Møre og Romsdal, som totalt har sju kommunar. Det er kommunestyret, med 21 folkevalde frå kommunen, som bestemmer i kommunen – dette innanfor dei områda og økonomiske rammene som blir fastsett av staten. Kommunen har ein kommunedirektør som skal sikre at avgjerda til kommunestyret blir gjennomført – og på riktig måte, og kommunedirektøren har ein organisasjon på omlag 279 årsverk frå 1. jan 2026.

Vanylven kommune er eit avgrensa geografisk areal, der det er gjeve mynde til sjølvstyre. Sjølvstyre blir utøvd av dei som bur i kommunen, som kvart fjerde år vel inn representantar til kommunestyret i Vanylven. Det er bestemte krav som må vere innfridde før du kan bli vald, der hovudreglane er at du er busett i kommunen; er over 18 år og er tilknytt eit politisk parti.

Innbyggjarane skal bestemme

Det er ei utfordring for lokaldemokratiet at færre og færre av innbyggjarane er politisk aktive. Dette kan vi mellom anna sjå når det gjeld medlemskap i politiske parti. Det er eit viktig demokratisk prinsipp at alle grupper i samfunnet skal vere representerte. Kommunen må difor leggje til rette for dette, og som eksempel blir det vist til at både ungdomar, eldre og funksjonshemma har eigne råd i Vanylven kommune.

Kommunen må planleggje sitt arbeid

Ein kommune har ansvaret for å utvikle og gje tenester innanfor mange behov som innbyggjarane har. Til dømes jordmorteneste og helsestasjon for dei som er gravide og som skal føde.

Kommunen vil ha eit barnehagetilbod til dei som vil ha barn i barnehage og alle i skulepliktig alder skal ha tilbod om grunnskule. Vi skal sikre legar når innbyggjarane våre har behov for dette og vi skal ha kyrkje og kyrkjegardar.

Kommunen må planleggje arealbruk

Kommunen har også ansvaret for å sikre god arealutnytting. Dette slik at kommunen etter høyring og innspel frå innbyggjarane fastset bruk av arealet i kommunen. Dette er viktig både for planlegging av busetjing; planlegging av område for næringsverksemd og område for dei kommunale tenestene. Dette heng igjen saman med planlegging av vegar og viktig kommunikasjonsstruktur som fiber/breiband.


Kommunen i samarbeid med andre

Vanylven kommune har eit samarbeid med dei andre seks kommunane på Søre Sunnmøre,. Dette er spesielt viktig der vi kvar for oss er for små, slik som til dømes på barnevern. Vidare har kommunen samarbeid mot region, fylke og stat når det gjeld politi, helse, veg og skule.

1.1 Vanylven kommune – busetting og tenestetilbod

Kommunen har eit areal på 385 km², der dei ulike bygdesentera er plassert der dalane munnar ut i vidare flater ved sjøen. Kommunen er inndelt i 20 grunnkrinsar. Dei tre største bygdesentera er Fiskå,

Syvde og Åheim. Kommunen har hatt eit [fallande folketal sidan 1991](#), men med ei sentralisering innanfor kommunegrensa – der kommunesenteret på Fiskå dei 10 siste åra har hatt ei auke i folketallet på 18 %.



Kartet over viser bustadtettleik ved raudt samt tettleik av fritidsbustad i blått. Kommunesenteret på Fiskå har tettast busetnad og deretter kjem Åheim og så Syvde. Dette er viktig informasjon knytt spesielt til arealregulering for busetting og næringsverksemd og kommunedirektøren legg til grunn at det er viktig å leggje til rette for bustadfelt for å stimulere vekst. I tillegg er dette viktig informasjon når kommunen skal planleggje

tenestetilboda. Kommunen har i dag eit sentralisert tenestetilbod, der vi har barnehagar og skular på Fiskå, Syvde og Åheim. Institusjonsplassar har vi berre på Fiskå og heimetenesta er lokalisert på Fiskå og i Syvde.

I Vanylven er det lagt godt til rette for tur og rekreasjon i naturen. Idrettsrådet har teke ansvar for registrering av turløyper – sjå morotur.no/vanylven. Kommunen

har fleire hyttefelt og viser her til Brandalsfjellet, som er eit område med universelt tilrettelagt tilkomst med tursti frå Sandvika til Brandal.

1.2 Vanylven kommune – folketalsutvikling og økonomi

Inntektene som kommunen disponerer, er rekna ut i frå folketal. Dette betyr at folketalsnedgang betyr reduserte inntekter. Det er såleis viktig å ha fokus på dette området, slik at kommunen tidleg kan setje i verk tiltak for å kompensere for reduserte inntekter. Ein tommelfingerregel er at ein reduksjon på 20 innbyggjarar utgjer kr 700 000 i mindre inntekter. Dette blir akkumulert kvar år og budsjettet må reduserast tilsvarande.

Folketalsutviklinga i 2024 og 2025 var positiv. Folketilveksten i 2024 utgjorde + 13 innbyggjarar og i 2025 +22 innbyggjarar, dette på grunn av flyktningar, legg til grunn nedgang.

Det vert lagt til grunn at det er nettoinnflyttinga og utflytting som er Vanylven si store utfordring.

I 2026 vert det stipulert ein folketilvekst på -19 i og i 2027 -26, dersom ein legg til grunn ein reduksjon på om lag 20 innbyggjarar per år.

Vanylven kommune: Folketalsutvikling for kommunestyreperioder frå 1951 til 2027




Oversikta viser folketalsutviklinga sett opp i mot kommunestyreperiodane frå 1951 og fram til 2027. Oversikta viser at nedgangen har blitt mindre og mindre sidan 2007, med unntak for perioden 2015-2019. Dersom vi legg til grunn tilsvarande nedgang i 2027, som i 2026 og 2025, med om lag 20 mindre innbyggjarar per år, så vil det vere ei positiv trend i perioden 2023-2027.

Kommunen vil likevel med ein reduksjon på 20 innbyggjarar per få omlag kr 1 700 000 mindre i budsjettet i 2027, enn det kommunen hadde for budsjettet i 2025. Kommunen må difor redusere utgiftene, samtidig med at vi truleg må yte fleire tenester til innbyggjarane. Truleg må vi i neste kommunestyreperiode ha færre tilsette på kontor og fleire tilsette i direkte møte med innbyggjarane våre.

Regional analyse viser at folketallet i Vanylven har gått ned med 23,7% sidan år 2000. I starten av 3.-kvartal 2025 vart det 3029 innbyggjarar i kommunen. Kommunen er i følgje Regional analyse prega av negativ nettoinnflytting. Det er negativ nettoinnflytting og utflytting som har vore, og framleis er kommunens største problem. Folketalsutvikling er

viktig økonomisk, då skatteinntektene våre vert rekna ut frå desse. Alderssamansetjinga gir også ei stor utfordring for kommunen, med ein aukande del eldre over 80 år og reduksjon i barn og innbyggjarar i arbeidsfør alder (18- 67 år).

Kommunen har og vil truleg også få store utfordringar knytt til utanforskap blant unge - dette gjer at ein nedgang i elevar i grunnskulen ikkje er tilstrekkeleg til å finansiere den sterke auken i helse- og omsorgssektoren.



Figur 1.1.5 Utvikling i folketallet i Vanylven, målt i starten av hvert kvartal.

1.3 Vanylven kommune – innbyggjarane og folkehelse

Folkehelsa er eit av dei viktigaste områda å ha kunnskap om for å sikre eit godt og ikkje minst tilpassa tenestilbod. Folkehelseinstituttet utarbeider kvart år ein folkehelseprofil, som viser statusen for kvar kommune,

med eit interaktivt folkehelsebarometer for kvar kommune – sjå www.fhi.no:

Tema	Indikator (klikkbare indikatornavn)	Kommune	Fylke	Noreg	Eining (*)	Folkehelsebarometer for Vanylven
Befolkning	1 Andel barn, 0-17 år	15,8	20,6	20,4	prosent	
	2 Andel over 80 år	8,1	5,1	4,4	prosent	
	3 Andel 80 år+, framskriven til 2040	16	9,8	8,2	prosent	
	4 Personar som bur aleine, 45 år +	24,2	24,9	26,3	prosent	
	5 Befolkningsvekst	-1,2	0,11	0,63	prosent	
Oppvekst og levekår	6 VGS eller høgare utdanning, 30-39 år	76	80	81	prosent	
	7 Vedvarande låg inntekt, 0-17 år	4,9	8,7	12	prosent	
	8 Ulikskap i inntekt, P90/P10	2,6	2,6	2,8	-	
	9 Barn av einslege forsørgarar	10,8	13,6	14,7	prosent	
	10 Unge som står utafor, 15-29 år	7,7	8,7	9,5	prosent (a,k)	
	11 Leiger bustad, 45 år +	15,1	11,8	12,2	prosent	
	12 Bur trøngt, 0-17 år	21	13	18	prosent	
	13 Lågaste meistringsnivå i lesing, 5. tr.	33	25	23	prosent (k)	
	14 Lågaste meistringsnivå i rekning, 5. tr.	25	23	24	prosent (k)	
	15 Gjennomføring i vdg. opplæring	81	81	79	prosent (k)	
Miljø, stadar og trykkløst	16 Høg tilfredsheit med livet, Ungd. 2022	**	-	50	prosent (a,k)	
	17 Drikkevatn, hygienisk og stabilt	3,3	85,3	90,7	prosent	
	18 Luftkvalitet, finkorna svevestøv	2,2	2,8	4,8	µg/m³	
	19 Trygt i nærmiljøet, Ungdata 2022	**	-	84	prosent (a,k)	
	20 Fritidsorganisasjon, Ungd. 2022	**	-	58	prosent (a,k)	
	21 Fornøgd m/ lokalmiljø, Ungd. 2022	**	-	67	prosent (a,k)	
	22 Fornøgd m/ treffstadar, Ungd. 2022	**	-	55	prosent (a,k)	
	23 Einsemd, Ungdata 2022	**	-	23	prosent (a,k)	
	24 Trenar sjeldnare enn kvar veke, 17 år	47	29	27	prosent (k)	
	25 Skjermtid over 4 timar, Ungd. 2022	**	-	45	prosent (a,k)	
Helsetilstand	26 Røyking, kvinner	-	2,8	2,8	prosent (a)	
	27 Forventa levealder, menn	80,4	80,7	80,1	år	
	28 Forventa levealder, kvinner	84,6	84,6	83,9	år	
	29 Utd.forskjell i forventa levealder	-	4,2	5,1	år	
	30 Psykiske sympt./lidingar, 0-74 år	165	156	160	per 1000 (a,k)	
	31 Overvekt og fedme, 17 år	33	24	22	prosent (k)	
	32 Hjarte- og karsjukdom	21,2	16,6	17,2	per 1000 (a,k)	
	33 Antibiotikabruk, reseptar	352	273	262	per 1000 (a,k)	
	34 Vaksinasjonsdekning, meslingar, 9 år	93,0	97,9	97,3	prosent	

Kommunen skal sjølv kartlegge folkehelsa og ha eit folkehelseperspektiv i sitt arbeid, både når det gjeld planarbeid og i enkeltsaker. Dette er eit perspektiv som kan sikre at kommunen har fokus på førebygging og ikkje kompensierende tiltak. Dersom kommunen klarer å halde fokus på førebygging, så vil dette leggje til rette for at kommunen i framtida vil ha eit godt lokalsamfunn, og i tillegg ha god og sunn kommune-økonomi. Kommunedirektøren viser til kommunen sin folkehelseplan. Område med vesentleg avvik er her markert med rødt i tabellen overfor.

[Folkehelseprofil 2025](#) er utarbeida av Helsedirektoratet og denne gir informasjon om helsetilstanden i kommunen.

Område med vesentleg avvik er her markert med rødt i tabellen nedanfor. Folkehelsebarometer for kommunen i 2025:

Tema	Indikator (klikkbare indikatornamn)	Kommune	Fylke	Noreg	Eining (*)	Folkehelsebarometer for Vanylven
Befolkning	1 Andel barn, 0-17 år	15,4	20,2	20,1	prosent	
	2 Andel over 80 år	8,0	5,3	4,6	prosent	
	3 Andel 80 år+, framskriven til 2050	16,0	11,0	9,7	prosent	
	4 Personar som bur åleine, 45 år +	24,8	25,6	26,8	prosent	
	5 Befolkningsvekst	0,43	0,84	1,1	prosent	
Oppvekst og levekår	6 VGS eller høgare utdanning, 30-39 år	77,4	80,8	81,5	prosent	
	7 Vedvarande låginntekt, alle aldre	7,4	8,2	9,5	prosent	
	8 Ulikskap i inntekt, P90/P10	2,7	2,6	2,8	-	
	9 Leiger bustad, 45 år +	13,4	12,0	12,6	prosent	
	10 Bur trøgt, 0-17 år	13	14	18	prosent	
	11 Gjeld større enn 3 gonger inntekt	5,4	15,1	19,1	prosent	
	12 Unge som står utafor, 15-29 år	11,2	9,3	9,9	prosent (a,k)	
	13 Mottakarar av uførepensjon, 45-66 år	19,2	15,3	16,7	prosent (a,k)	
	14 Trivst på skulen, 10. trinn	77	82	83	prosent (k)	
	15 Lågaste meistringsnivå i lesing, 5. tr.	23	28	25	prosent (k)	
	16 Gjennomføring i vdg. opplæring	80	83	81	prosent (k)	
	17 Høg tilfredsheit, Ungdata 2024	37	49	50	prosent (a,k)	
Miljø, stadar og utstyr	18 Drikkevatn, hygienisk kvalitet	100,0	95,6	97,0	prosent	
	19 Drikkevatn, stabil levering	0,0	88,3	84,1	prosent	
	20 Luftforureining, eksponert	0	3,3	50	prosent	
	21 Med i fritidsorganisasjon, Ungd. 2024	50	61	59	prosent (a,k)	
	22 Fornøgd med lokalmiljøet, Ungd. 2024	65	65	66	prosent (a,k)	
Helse- relatert atferd	23 Kan svømme, 17 år	86	86	86	prosent (k)	
	24 Trenar sjeldnare enn kvar veke, 17 år	41	28	28	prosent (k)	
	25 Skjermtid over 4 timar, Ungd. 2024	50	45	43	prosent (a,k)	
Helsestilstand	26 Røyking, kvinner	-	2	2	prosent (a)	
	27 Forventa levealder, menn	80,6	81,0	80,5	år	
	28 Forventa levealder, kvinner	84,1	84,7	84,1	år	
	29 Utd.forskjell i forventa levealder	-	4,3	5,1	år	
	30 Fornøgd med helse, Ungd. 2024	59	65	66	prosent (a,k)	
	31 Psykiske plager, Ungd. 2024	13	14	15	prosent (a,k)	
	32 Overvekt og fedme, 17 år	33	23	22	prosent (k)	
	33 Tjukk- og endetarmskreft, nye tilfelle	74	96	85	per 100 000 (a,k)	
	34 Vaksinasjonsdekning, meslingar, 9 år	94,9	97,7	97,2	prosent	

Vidare er det viktig at kommunen framover deltek i Ungdata, slik som i 2019, 2022 og 2024 for å sikre tal i folkehelsebarometeret knytt til ungdom.

- [Ungdata junior 2024](#)
- [Ungdata 2024](#)

Undersøkinga gir eit bilete på korleis barn og unge i kommunen har det, og kva dei driv med i kvardagen. I etterkant av Ungdata undersøkinga i 2024, vart

1.4 Vanylven kommune – innbyggjarane og lokaldemokratiet

Når kommunen sjølve skal vurdere korleis vi utfører våre oppgåver våre, så treff vi nok ganske bra, når det gjeld totalvurderinga, men det er nok vanskeleg å sjå kva område som vi bør

det arrangert ein fagdag med ungdomsråd, administrasjon FAU, politikaane og fleire for å arbeide med det negative for å snu trenden.

bli betre på. Vanylven kommune har som einaste kommune i Norge gjennomført demokratiundersøkinga til KS i 2017, 2018, 2021 mot [innbyggjarane](#) og [folkevalde](#).

Kategori	Spørsmål Innbygger	Alle (Snitt)	Små kommuner				Mellomstore kommuner			Store kommuner
			Ørskog	Selje	Vanylven	Vanylven 2018	Eid	Giske	Haram	
Pålitelig styre	A Som regel kan en stole på løftene fra politikerne her i kommunen	2.4	2.3	2.1	2.4	2.6	2.6	2.4	2.4	2.3
	B Her i kommunen misbruker ikke de folkevalgte sin makt til personlig fordel	2.8	2.7	2.6	2.8	2.8	2.9	2.8	2.8	2.5
	C De som har gode personlige forbindelser i kommunen/kommunepolitikken, får lettere ivarett sine interesser *	2.2	2.2	2.1	2.1	2.2	2.2	2.0	2.1	2.0
Ansvarlig styre	D Kommunen gjør en god jobb med å informere innbyggerne om aktuelle saker som diskuteres i kommunepolitikken	2.7	2.5	2.2	2.8	3.1	3.0	2.8	2.6	2.6
	E Kommunen gjør en god jobb med å informere innbyggerne om hvordan kommunens inntekter brukes	2.3	2.0	2.0	2.4	2.6	2.5	2.3	2.2	2.1
	F Stort sett vet jeg nok om forholdene her i kommunen til å bruke min stemmeseddel på en fornuftig måte i kommunevalget	2.8	2.7	2.6	2.7	2.9	3.0	2.8	2.8	2.6
Borgernært styre	G Her i kommunen har innbyggerne gode muligheter til å påvirke kommunale beslutninger som engasjerer dem.	2.5	2.4	2.2	2.4	2.6	2.6	2.6	2.5	2.4
	H Her i kommunen involverer politikerne innbyggerne i forsøk på å finne løsninger på lokale problemer	2.4	2.2	2.2	2.3	2.6	2.7	2.5	2.4	2.2
	I Kommuneadministrasjonen gjør alltid sitt beste for å hjelpe innbyggerne.	2.6	2.4	2.3	2.7	2.8	2.7	2.6	2.5	2.5
Effektivt styre	J I det store og hele er jeg godt fornøyd med kommunens tjenestetilbud til innbyggerne.	2.9	2.7	2.4	2.9	2.9	3.0	2.8	2.8	2.6
	K I denne kommunen forvaltes de økonomiske ressursene på en forsvarlig måte	2.6	2.1	2.1	2.8	2.8	2.5	2.3	2.6	2.3
	L Jeg er i det store og hele fornøyd med måten kommunen takler utfordringene som dette lokalsamfunnet står overfor	2.6	2.3	2.2	2.6	2.7	2.9	2.5	2.6	2.4
Fornylse og inkludering	M Denne kommunen utvikler og fornyer seg hele tiden i måten den løser oppgaver på	2.5	2.1	1.9	2.3	2.6	2.9	2.5	2.5	2.3
	N Denne kommunen gjør for lite for de mest sårbare i samfunnet *	2.6	2.5	2.5	2.7	2.6	2.5	2.6	2.6	2.4
Snitt kommune		2.6	2.4	2.2	2.6	2.7	2.7	2.5	2.5	2.4

Kommunen har eigen plan for lokaldemokrati, og vi ser at innbyggjarane er meir nøgde med folkevalde i 2018 enn i

2017 og vi er den kommunen i nærområdet som har det beste resultatet, dersom vi ser på resultat som er betre enn

5 (blåfarge). Dei folkevalde er litt meir positive, med eit snitt på 3,1 mot innbyggjarane sine 2.7, sjå [samanlikninga](#). Det kan difor vere grunnlag for tiltak mot innbyggjarane, både med informasjon, dialog og konkrete tiltak – med fokus på utvalde område. Ny [undersøking var gjennomført hausten 2021](#), og det er gjennomført ny

lokaldemokratiundersøking i oktober 2025, og resultatane av desse kjem truleg iløpet av haust 2025/ tidleg vinter 2026.

2. Korleis styre Vanylven kommune?

Dei fleste organisasjonar blir gjeve styringssignal, som tydeleg set forventningar og krav til kva som skal gjerast - korleis det skal gjerast og kva resultat som blir forventa. Det er mogleg å gje slike styringssignal fortløpande og på detaljnivå, men for større organisasjonar som utfører komplekse arbeidsprosessar er det føremålstenleg å utarbeide planar som har eit litt lenger perspektiv. Dette gjev moglegheit for å sjå arbeidsprosessane i eit perspektiv, slik at det også bli gjeve moglegheiter til å prioritere mellom ulike arbeidsoppgåver.

Korleis skal 21 folkevalde i Vanylven kommune kunne bestemme alt frå fødsel til grav, og samtidig leggje grunnlag for vekst og utvikling?

Overføre ansvar til andre

Dei folkevalde må få fleire til å hjelpe seg med oppgåva, og dette er bakgrunnen for at kommunen må ha ein organisasjon med tilsette. Folkevalde tek ansvaret for å tilsetje ein kommunedirektør, som får ansvaret for å etablere og drifte kommuneorganisasjonen.

Styringsdokumentet

Dei folkevalde skal vedta eit styringsdokument, slik at kommunedirektøren har eit klart

oppdrag for korleis organisasjonen skal jobbe.

Staten har vedteke køyrereglar på korleis kommunen skal styre. Staten har bestemt at kommunane skal lage ein plan som skal seie noko om kva status kommunen har på dei ulike tenesteområda og kva utvikling vi kan forvente oss i framtida – spesielt med tanke på busetjing og næringsutvikling. Det er også gjeve noko nasjonale føringar for dette arbeidet, som er:

- Gode og effektive planprosessar
- Berekraftig areal- og samfunnsutvikling
- Attraktive og klimavennlege by- og tettstadsområde


I tillegg har vi sjølvsagt internasjonale føringar, som vi må ta omsyn til, som dei 17 berekraftsmåla til FN, som skal fungere retningsgjevande for land, næringsliv og sivilsamfunn. Måla er forankra i ein felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, redusere ulikheit og stoppe klimaendringane innan 2030. Med bakgrunn i denne overordna lokale analysen, nasjonale og internasjonale føringar, så skal kommunen lage ein plan for utviklinga av lokalsamfunnet,

ein såkalla samfunnsplan. I eit slik perspektiv må kommunen også lage ein arealplan om disponering av areal.

Økonomi

Kommunen skal årleg vedta ein handlingsplan til samfunnsplanen og det er dette som blir omtala som økonomiplan med budsjett.

2.1 Vanylven kommune – langsiktig styring gjennom arealplanen



Vanylven kommune har i hovudsak sjølvråderett, mellom anna i høve til korleis arealet i kommunen skal disponerast. Folkevalde gjev

langsiktige styringssignal på arealbruk gjennom [arealdelen](#) til kommuneplanen, som i vår kommune vart vedteken i 2014. Kommuneplanens

arealdel er no under revisjon og er planlagt ferdig innan hausten 2026. Det

Det er ein omfattande prosess å vedta kommuneplanen sin arealdel. Dette arbeidet krev god lokal forankring og sjølvstendig må kommunen ta omsyn til dei nasjonale og regionale føringane, og krav som er gjeve for arealbruk. Vidare er det viktig at planen har eit langsiktig perspektiv, slik at vi unngår ein utdatert plan som vil gje mange søknadar om dispensasjon. Vanylven kommune har per dags dato få dispensasjonar. Dette må vi sjå på som teikn på at arealplanen

2.2 Vanylven kommune – langsiktig styring gjennom samfunnsdelen

Vanylven kommune sin samfunnsplan er frå 2023. Planen har analysar på dei fleste områda og var godt forankra før vedtak. Samfunnet har endra seg vesentleg dei siste 10 åra og det var naudsynt med ein ny samfunnsplan. Samfunnsdelen hadde behov for ein planvask, og revidert planprogram vart vedteke våren 2024. Planvask av samfunnsdelen er gjennomført hausten 2025 og er vedteke i k-sak 110/25 i møte den 27/10/2025

I den nye samfunnsdelen til kommuneplanen frå 2023, er det vist til den gjeldande «miljøvisjonen» som kommunen vidarefører – og det er valt tre satsingsområde:

- Utviklingskraft og berekraft
 - Folkehelse og livsmeisting
 - Demokrati og medborgarskap
- FN sine berekraftsmål skal ligge til grunn for samfunns- og arealplanlegginga. Ut frå visjonen og behovet til Vanylven kommune er 6 av berekraftsmåla vurdert som særleg viktige for Vanylven:

er ABO og Nordplan som utarbeidar den nye planen for kommunen.

frå 2014 har fungert etter hensikta. Kommunen har vedteke endeleg planprogram 27. juni 2023 og arbeidet startar opp hausten 2023. [Kommunal planstrategi 2024 - 2027](#) vart vedteken i 2024 og gjeld for kommunestyreperioden.



- Mål nr 3:
 - God helse og livskvalitet
- Mål nr 4:
 - God utdanning
- Mål nr 9:
 - Industri, innovasjon og infrastruktur
- Mål nr 11:

- Berekraftige byar og lokalsamfunn
- Mål nr 13:
 - Stoppe klimaendringane
- Mål nr 17:
 - Samarbeid for å nå måla

2.3 Vanylven kommune – supplerande styring gjennom temaplanar

Kommuneplanen har ofte eit 20-årsperspektiv. Sjølv med rullering, vil det ofte oppstå behov for andre planar i perioden, dette gjeld både i høve areal og tenester. Dersom vi tek med

strategidokument, retningslinjer og reglement, er det òg viktig å kunne framstille alle styringsdokumenta på ein oversiktleg måte.



Det er vidare viktig å samle tiltak som i hovudsak er knytt til temaplanar og kommunedelplanar på tenestenivå, slik at kommunedirektøren sikrar at administrasjonen følgjer opp tiltaka som er vurdert som nødvendig. Med bakgrunn i dette er det utarbeida eit

samla dokument for alle handlingsplanen, for å sikre enkel og systematisk tilbakemelding knytt til alle tiltak. Dette er viktig også i høve til rapportering av tiltaka og årsmelding og evaluering av tiltak knytt til ny økonomiplanen og budsjett.



2.4 Vanylven kommune – styring gjennom måltal i økonomiplanen

Kommunane blir ofte styrt ut i frå det årlege budsjettet – sjølv om dette i seg sjølv ikkje vil seie noko om kvaliteten i produksjonen.

- Overskot(netto driftsresultat) 3 %
- Sparing (disposisjonsfond) 7 %
- Lån (netto lånegjeld) 70 %
- Renter og avdrag (finans.) 3,5 %

2.4.1 Styringstal for budsjettering

Økonomikontroll er sjølv sagt ein viktig føresetnad for å drifte kommunen. Kommunestyret har den 16. mai 2017 i sak 35/2017 vedteke følgjande handlingsreglar for budsjettering:

Tabellen nedanfor viser utviklinga for nøkkeltala dei siste ni åra, der vi med bakgrunn i rekneskapstala for 2022, er rangert som nummer ein på Søre Sunnmøre med totalt seks poeng.

1511 Vanylven	Driftsresultat	Disp.fond	Netto lånegj.	Finansutgif.	Poeng
2013	7,5	1,7	69,3	3,5	5
2014	2,1	2,3	74,4	3,9	5
2015	3,5	1,9	75,3	4,2	3
2016	5,1	3,7	66,7	3,4	6
2017	5,0	9,2	65,1	3,5	8
2018	4,7	16,0	64,6	3,5	8
2019	-5,1	11,6	68,0	3,7	5
2020	-1,9	8,1	68,4	3,9	5
2021	1,4	8,3	66,5	3,7	6
2022	1,0	7,7	67,0	3,7	6

Det er ingen absolutte grenser for å angi god, middels og dårleg drift. Fylkesmannen i Telemark har etter tilråding frå TBU, ulike instansar og

erfaringar, laga følgjande definisjon som kommunedirektøren nyttar for rangering.

Kommentert [TE1]: Andreas må bruke 3 timar her.

Økonomisk balanse målt i netto driftsresultat		Økonomisk buffer målt i disposisjonsfond	
1,75 % eller betre	3	4,5 % eller betre	3
Mellom 0 og 1,74 %	1	Mellom 2 % og 4,4 %	1
Negativt	0	Under 2 %	0
Finansutgifter i % av brutto driftsinntekter		Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter	
2,9 % eller lågare	3	Under 60 %	3
Mellom 3 % og 3,9 %	1	Mellom 60 % og 69,9 %	1
Over 4 %	0	Over 70 %	0

2.4.2 Vidareføring av mindre- og meirforbruk

Kommunestyret vedtok den 20. mai 2014 innføring av vidareføring av meir- og mindreforbruk i sektorane – noko som har tidlegare medverka til at vi har fått overskot i fleire sektorar og sikra sektorane disposisjonsfond, som kan nyttast i uføresette situasjonar. Det er viktig at dette vert vidareført når vi har fått betre økonomisk situasjon.

2.4.3 Økonomi og omstilling

Etter at rekneskapen var levert til revisjon med 22,4 million kr i meirforbruk, står kommunen i ein vanskeleg økonomisk situasjon. Difor har kommunen vore gjennom ein administrativ omstillingsprosess frå 4.april til 1.sept. Omstillingsplan I vart godkjent i kommunestyre 08/04/25 og denne innebar 27 million kr i driftsreduksjon, for å dekkje inn akkumulert meirforbruk frå 2024. Omstillingsarbeidet starta med kutt i følgjande område: konsulentbistand, overtidsbruk, bruk av vikarbyrå. Det var også lagt fram innsparingsforslag frå sektorleiarane teknisk og stab, mellomleiarane, og hovudtillitsvalde og hovudverneombod.

For å klare å innsparing på 27 million var det naudsynt å ta ned tal årsverk, og nedtrekk i stillingar i alle sektorane på alle nivå, i alt 27 årsverk. Omstillingsplan I skulle gi redusert driftsnivå i 2026 på 27 million.

Kommunen har vore i omstilling sidan 8.april, og sidan det viser seg at innsparingane i omstillingsplan I ikkje er tilstrekkeleg til å dekke meirforbruket måtte ein ny omstillingsplan til- dette for å sikre sunn økonomisk drift i økonomiplanperioden 2026-2029.

Omstillingsplan II vart vedteken av kommunestyre 27/10/2025. I omstillingsplan II vil kommunedirektøren sikre nødvendige kostnadsreduksjonar tilsvarande 13 million, der 3 million er gjennom driftsinnsparingar og 10 million er gjennom nedtrekk i årsverk. Totalt må dei politiske og administrative innsparingstiltaka gje ein innsparingseffekt på 13.million frå og med 2027.

Måla med omstillingsplanen er at kommunen i 2025 kjem nærare økonomisk balanse. Målet er også at kommunen frå 2028 har eit netto driftsresultat som er på minimum 1,75%, ei gjeldsgrad tilsvarande landsgjennomsnittet, samt ein trygg buffer på disposisjonsfondet.

Det er viktig at kommunen lukkast med omstillingsarbeidet, og dette er ikkje berre knytt til meirforbruket i 2024 og 2025, men også fordi kommunen frå 2027 får andre utfordringar. Desse utfordringane er skildra i Prosjektplan for Vanylven 2027 som vart vedteken av k-styre 17.juni 2024 i PS 61/24. I

2027 vil Vanylven få følgjande utfordringar:

- Sysselsetting – utfordringar og løysingar
- Demografi- endringar, organisasjonen og tenestene
- Utanforskap- talgrunnlaget til kommunen
- Økonomi – delegasjon, leing og resultat
- Planlegging – plan, regulering, infrastruktur

Desse utfordringane er i tråd med KS sitt framtidsbilete av «Norge 2040».

2.4.4 Andre måltal i økonomiplanen

Kommunen har sett måltal for heile kommunen samla i høve sjukefråvær; kvalitet i tenestene (Kommunebarometeret); korleis vi arbeider (Kommunekompasset) samt resultat frå brukarundersøkingar; medarbeidarundersøking og innbyggjarundersøking. Vi har gjennomført kvalitetsmålinga ved kommunebarometeret i 2025, og kommunekompasset i 2023, samt innbyggjarundersøkinga i 2024. [Innbyggjarundersøking 2024](#).

Kvalitet i tenestene*	172. 63.	90.	90.	90.	90.
Korleis arbeider vi*	460 418	-	500	-	510
Innbyggjarundersøkinga	-	4,1	-	4,5	-
Brukarundersøkingar	4,8 4,7	4,9	5,0	5,0	
Sjukefråvær	7 % 7,9 %	7 %	7 %	6,7 %	6,7 %
Medarbeidarundersøking	4,7 4,7	4,8	4,9	4,9	5,0
Stoltheit, arbeidsplassen	4,8 4,8	4,8	5,0	5,0	5,1

LAG NY tabell excel (ta vekk brukarundersøking)

2.4.4.1 Kvalitet i tenestene:

Vanylven kommune nyttar her Kommunebarometeret til Kommunal Rapport, som blir laga for heile

kommune-Norge i april kvart år og som er basert på KOSTRA-rapporteringa.

[Kommunebarometeret 2025](#) syner at Vanylven kommune i 2025 er rangert som nr 139 av totalt 357 kommunar. Dersom vi skal forbedre oss, så må dette gjerast målretta innanfor spesifikke tenesteområde, og det er då pleie og omsorg, barnevern, økonomi,


kostnadsnivå, sakshandsaming og vatn og avløp som treng forbedring. Med tanke på at kommunane får mindre og mindre ressursar, så er det viktig at arbeidet er planmessig og spissa, og kjem til uttrykk i årsplan/verksemdsplan.

Område	Vekting	Snitt	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Grunnskule	20 %	36	30	8	17	23	11	67	93
Pleie og omsorg	20 %	300	389	372	287	247	304	225	275
Barnehage	10 %	88	93	171	158	9	105	59	20
Barnevern	10 %	219	325	190	295	124	192	197	208
Økonomi	10 %	242	60	228	276	238	309	281	305
Helse	7,50 %	102	150	137	16	125	171	91	25
Sosialteneste	7,50 %	197	29	124	249	228	312	286	154
Kostnadsnivå	5 %	229	326	295	216	165	164	203	232
Kultur	2,50 %	159	168	79	328	177	242	61	60
Miljø og ressursar	2,50 %	229	253	242	289	281	146	218	177
Sakshandsaming	2,50 %	137	25	44	72	166	257	196	196
Vatn og Avløp	2,50 %	196	188	143	130	220	187	188	319
TOTALT			28	121	159	91	177	129	139

2.4.4.2 Korleis arbeider vi (kommunen)

Kommunedirektøren vil vise til at det kan vere utfordrande å finne ein mal for styring av kommunen og at det ofte blir gjort etter korleis vi gjorde det i fjor. Med eit slikt fokus er det ein risiko for at kommunen ikkje har fokus på alle Kommunekompasset vart sist gjennomført i Vanylven kommune i 2023.


områda som er viktige. Med bakgrunn i dette har Vanylven kommune sidan 2014 styrt utvikling etter Kommunekompasset, som er ein nordisk «mønsterplan» for kva kommunen bør gjere.



I tabellen ovanfor ser ein korleis dei åtte delområda/fokusområda fordelar seg for kommunen.

Vi ser at utviklinga har vore svært god på alle åtte områda frå 2014 til 2023. Utviklingen har vært imponerende god på område 1 Offentlighet og demokrati, område 3 Styring og kontroll, område 5 Brukerens fokus og område 7 Arbeidsliv, mens den på øvrige området har vært god. Sjå tabell ovanfor.

Kommunekompasset for Vanylven- utvikling frå 2014 til 2023



Det som er markert med gult er fokusområda som kommunestyret vedtok å setje inn tiltak på etter Kommunekompass-evalueringa i 2016 og det som er markert med grønt er det som kommunestyret vedtok å setje inn tiltak på etter evalueringa i 2018. Neste evaluering vil vere 24. og 25. august 2023.

Vanylven kommune gjennomførte kommunekompass-evalueringa hausten 2023, og ut i frå dette har det blitt lagt fram ein utviklingsstrategi, som gjev føringar på og kva tiltak som vi bør setje inn for å forbetre oss fram mot neste Kommunekompass-evaluering i 2026 eller 2027.

[Kommunekompasset 2023.](#)
[Utviklingsstrategi 2025 - 2029](#)

2.4.4.3 Innbyggjar- brukarundersøkingar, sjukefråvær og avvik

Kommunen har dei siste fire åra gjennomført mange brukarundersøkingar og vi har i tillegg gjennomført innbyggjarundersøkinga i 2015, 2017, 2019, 2021 og 2024. Innbyggjarundersøkinga blir sendt ut til alle husstandane i kommunen, som er totalt 1 450 husstandar.

Vi har gjennomført innbyggjarundersøkinga i 2021, 2023 og 2024.

Vi har no godt talgrunnlag over tid, som er viktig å arbeide vidare med.

INNBYGGJARUNDERSØKINGA PÅ TENESTENIVÅ 2015, 2017, 2019, 2021 OG 2024

	2015	2017	2019	2021	2024	Endring 15-24
Serviceetget	4,7	5,0	5,0	4,9	5,0	0,3
Internett	4,1	4,2	4,5	4,3	4,4	0,3
Barnehage	5,0	5,1	5,1	4,9	4,7	-0,3
Grunnskule	4,4	4,3	4,6	4,0	4,0	-0,4
Fritidstilbod for ungdom	4,2	4,5	4,5	4,0	4,6	0,4
Heimehjelp	4,4	3,8	4,6	3,6	4,3	-0,1
Heimesjukepleie	4,5	4,2	4,9	4,3	4,6	0,1
Heildøgns omsorgsteneste	4,5	3,7	4,5	4,4	4,0	-0,5
Fastlege	3,9	3,2	3,9	4,5	4,8	0,9
Legevakt	4,5	3,7	4,2	4,6	5,0	0,5
Bibliotek	5,3	5,4	5,3	5,4	5,3	0,0
Kulturskulen	-	4,8	4,9	4,3	4,3	-0,5
Tenestetilbodet totalt	4,2	4,0	4,4	4,3	4,5	0,5
Snitt totalt	4,4	4,1	4,5	4,5	4,7	0,3

* kulturskulen er ikkje målt for i frå 2017

Vanylven kommune har sidan 2015 gjennomført innbyggjarundersøkinga annakvart år, og resultatet gir ein god indikasjon på kva område kommunen har forbetra seg på og kva område det er behov for forbetring. Denne vart gjennomført sist våren i 2024.

Resultat i perioden frå 2015 til 2024 viser forbetring på følgjande områder på tenestenivå:

- Fritidstilbod for ungdom
- Fastlege
- Legevakt

Vidare viser undersøkinga nedgang på områda:

- Grunnskule
- Heildøgns omsorgsteneste

INNBYGGJARUNDERSØKINGA OVERORDNA NIVÅ 2015, 2017, 2019, 2021 OG 2024

	2015	2017	2019	2021	2024	Endring 15-24
Tjenestene fra din kommune - bruker	4,4	4,1	4,5	4,5	4,7	0,3
Næring og arbeid	3,3	3,6	3,8	3,7	3,8	0,5
Miljø i kommunen	5,1	5,2	5,2	5,3	5,2	0,1
Klima og energi	4,0	4,3	4,3	3,9	3,7	-0,3
Natur og landskap og friluftsliv	4,6	4,6	4,7	4,5	4,3	-0,3
Levekår	4,4	4,3	4,5	4,3	4,2	-0,2
Bomiljø og senterfunksjoner i kommunen der du bor	3,9	3,7	4,0	3,3	4,0	0,1
Serviceilbudet	3,9	3,5	3,7	3,0	3,9	0,0
Boligtilbudet	3,9	4,1	3,9	3,5	3,6	-0,3
Kultur og idrett	4,1	4,0	4,3	3,6	4,2	0,1
Utbygging og utvikling	3,6	3,7	3,9	3,4	3,8	0,2
Trygghet	5,0	5,2	5,2	5,4	5,1	0,1
Kommunen som bosted	4,4	4,6	4,7	4,6	4,4	0,0
Møte med din kommune	3,4	3,6	3,9	3,3	3,7	0,3
Tillit	3,5	3,8	4,0	3,6	3,6	0,1
Helhetsvurdering	3,5	3,9	4,1	3,6	3,4	-0,1
Snitt totalt	4,0	4,0	4,2	3,9	4,1	-0,1

Resultat i perioden frå 2015 til 2024 viser forbetring på følgjande områder på tenestenivå:

- Næring og arbeid
- Miljø i kommunen
- Servicetilbudet
- Kultur og idrett
- Bomiljø og senterfunksjonar i kommunen der du bor
- Kultur og idrett
- Utbygging og utvikling
- Tryggleik
- Møte med din kommune
- Tillit

Vidare viser undersøkinga nedgang på områda:

- Klima og energi
- Natur, landskap og friluftsliv
- Levekår
- Bustadtilbodet

Resultata har vore eit godt datagrunnlag for arbeidet med samfunnsplanen og gode tal for kommunepolitikarane til å styre etter.

Kommunedirektøren vil vise til at oversikta over er på område og at undersøkinga har fleire underpunkt under kvart område.

Kommunedirektøren viser her til at det er områda som ligg utanfor kommunal kjerneverksemd, som har utvikla seg negativt frå 2015 til 2024, men at dette er område som

ligg innanfor det som blir omtala som samfunnsutvikling.


Kommunedirektøren legg vekt på at desse områda har det vore viktig å sjå på når samfunnsdelen av kommuneplanen

utarbeidast. Ikkje minst når handlingsplanen til samfunnsdelen skal vedtakast – ein handlingsplan som i utgangspunktet skal vere kommunen sin økonomiplan.


2.4.4.4 Oversikt over sjukefråvær i kommunen

NAV sin oversikt over sjukefråvær i ulike sektorar for perioden 2021 – 2025


I. Sentraladministrasjon med lilla linje – og nasjonale tal med gul linje




II. Teknisk med lilla linje – og nasjonale tal med gul linje



III. Kultur- og oppvekstsektoren med lilla linje og nasjonale tal med gul linje




VI. Helse- og oppvekstsektoren med lilla linje og nasjonale tal med gul linje




Sjukefråværet i 2025 3. kvartal var 9,59 %.

Det er slik i Vanylven kommune, som i resten av kommune-Norge at det er høgare sjukefråvær for kvinner enn for menn. Kommunedirektøren legg til grunn at tala for sjukefråvær må vere med i vurderinga når kommunen skal sjå på tiltak innanfor dei ulike tenesteområda.



Sjukefråvær i Vanylven er pr.30/10/2025 8,61 % og målet er sett til 8,50%. Sjukefråværet er for heile organisasjonen og dette er visualisert i sanntidsdashboardet i Microsoft Power BI. Målet for sjukefråværet er sett saman med tillitsvalde. Dersom ein vil sjå sjukefråværet for ein sektor så kan ein i

sanntidsdashboardet sjå også dette. Disse tala vert oppdatert kvar 3. time.




2.4.4.4 Medarbeidarundersøking

Det har vore gjennomført medarbeidarundersøking i 2021, 2022 og 2025.

Arbeidsmiljøundersøking april 2025

I april 2025 gjennomførte kommunen arbeidsmiljøundersøking.

Arbeidsmiljøundersøkinga viser ein svarprosent på 74% i 2025. Dette er om lag 10% opp frå 2022-målinga. Det er ei generell forbetring på dei fleste indikatorane sidan målinga i 2022. Vi må framheve at det resultat for Vanylven kommune på overordna nivå er svært bra. Det er ein positiv framgang på 18 av 19 faktorarar.



#2

Oppsummering av tema




2.4.4.4 Oversikt over avvik i kommune

I tillegg til måltala i budsjettet, vil kommunedirektøren vise til at Vanylven kommune i 2018 etablerte eit felles avvikssystem for heile kommunen, slik at det er mogleg å rapportere avvik samla for kommunen. Kommunen har frå januar 2021 fått nytt avvikssystem for heile kommunen – gjennom systemet Compilo.

Kommunedirektøren ser det er ulike kultur for registrering av avvik. Der helse- og omsorgssektoren har hatt kultur for registrering av avvika og oppfølging av avvik, medan dei andre sektorane er for dårleg til å melde inn avvik. Kommunedirektøren gav hausten 2022 alle sektoren i oppdrag å gjennomføre ROS-analyse for alle avdelingane. Dette slik at kommunen kan avdekke behov for rutinar og sjå kva restrisiko vi kan akseptere. Dette vil kommunedirektøren følgje opp med nye ROS-analyser hausten 2023 – der kommunalsjefane må presentere resultatet i

kommunedirektørens leiargruppe. ROS-analyse er under arbeid for 2025.

Nedanfor er ein oversikt over registrerte avvik i vårt avvikssystem frå januar 2021- okt.2025:



3. Korleis leie Vanylven kommune?

Dei fleste offentlege, private eller frivillige organisasjonane, har ein visjon og verdier som det skal leggjast vekt på ved drifta. I ein kommune er det viktig at slike visjonar og verdier gjev uttrykk for det som innbyggjarane, folkevalde, næringslivet, frivillige og dei tilsette kjenner seg igjen i. For å sikre dette, så blir det arrangert folkemøte, og forslag blir sendt på høyring for uttale. I Vanylven kommune var dette gjort i 2009 og vår visjon er at kommunen skal vere ein miljøkommune i ordet sin vidaste forstand.

Vil vi få ein god kommune dersom vi har gode styringsdokument? Nei, det vil vi nok ikkje. Ein god kommune byggjer nok også på at vi har gode relasjonar.

Visjon og verdier for leiging

Kommunen må med bakgrunn i sin eigen ståstad og sine utfordringar, sjå på felles verdier som kan vere nødvendig i arbeidet med å få ei felles forståing av det å vere leiar i Vanylven

kommune. Verdiane til kommunen er: trivsel, respekt, samhald, entusiasme, openheit og kvalitet.

Gjennomgåande mål for leiging

Kommunestyret vedtok 4. februar 2019 følgjande gjennomgåande mål:

«Vanylven kommune skal søkje meistring på alle plan, gjennom:

- God økonomistyring og budsjettdisiplin
- god kvalitet i tenesteproduksjonen og fornøgde brukarar
- fornøgde tilsette i gode arbeidsmiljø
- opne lokalsamfunn og trygge innbyggjarar

Gjennom slikt fokus skaper Vanylven kommune eit godt omdømme.»

Kompetanse for leiarane

Kommunedirektøren syner til at leiarar i hovudsak har ei fagutdanning og manglar utdanning innanfor leiing.

Dersom vi skal leggje styring til grunn, så er dette uproblematisk fordi styring er knytt opp i mot ein byråkratisk modell med tydelege og mange krav. Kommunedirektøren legg då til grunn ein definisjon av styring som er systemorientert og ikkje individorientert.

Det er litt meir utfordrande med berre fagutdanning når det gjeld leiing, dersom det blir lagt til grunn ein definisjon som er personorientert. Ofte er direkte og gjerne dialogbasert påverknad primært utøvd i relasjon mellom den enkelte leiar og den tilsette. Dersom vi skal fokusere på leiing, så må vi òg fokusere på utdanning innanfor leiing.


3.1 Vanylven kommune – delegasjon til kommunedirektøren

Dei folkevalde «kjenner» berre kommunedirektøren. I ny kommunelov er dette tydeleggjort og det vil seie at kommunestyret tilset kommunedirektøren og delegerer mynde til kommunedirektøren. Det er viktig at kommunestyret går gjennom delegasjonane etter nyval og bestemmer kva mynde som skal liggje til det politiske nivå og kva som skal liggje til kommunedirektøren.

Dersom politikarane skal styre etter dei store linjene, så må kommunedirektøren leggje til rette for

slik styring gjennom planarbeid med målbare tiltak og tilbakemeldingar på resultat som er oppnådd. Kommunedirektøren trur det vil vere slik at dersom kommunen ikkje evnar å leggje til rette for slik styring, så vil politikarane måtte detaljstyre drifta. Dette er ressurskrevjande og gjev mindre rom for tillitsbasert styring.

I Vanylven kommune har vi hatt ein høg saksproduksjon for politiske saker og viser til følgjande oversikt over tal på politiske saker i perioden 2009-2024.



Kommunedirektøren vil vise til at kommunen fra 2016 har fokusert på planarbeid, for å prøve å leggje om


styringa frå direkte styring gjennom politiske vedtak, til indirekte styring gjennom planarbeid.

Sanntidsdashboard med styringsdata syner oversikt over aktive politiske saker i 2025:

Denne visualiseringa gir tal på saker i porteføljeoversikta vår, som var den

som var den første visualiseringa som vi utarbeida. Dette er i hovudsak knytt til politiske saker for investeringar, planar og prosjekt.

Aktive politiske saker




48
64

3.2 Vanylven kommune – organisasjonen til kommunedirektøren

Dersom kommunedirektøren skal handtere å leie ein stor organisasjon, så er kommunedirektøren avhengig av å kunne vidaredelegere mynde, slik at vi

har mellomleiarar som kan vere leiar i direkte kontakt med dei tilsette. Til dette så er det etablert ein kommuneorganisasjon med følgjande inndeling:

Ny organisasjonsmodell frå 1.sept.2025 etter administrativ omstillingsprosess



Kommentert [TE2]: Ny organisasjonsmodell frå 1.sept.


Frå 1.september 2025 har kommunen fått ny organisasjonsstruktur. Kommunedirektøren ynskja å omorganisere organisasjonen for å sikre betre styring av fag, økonomi og personal. Vi har gått frå å ha ein trenivåmodell til ein to-nivåmodell, slik mange kommunar hadde før kommunalsjefsordningamvart innført. Det var lagt opp til ein overgang frå ein trenivåmodell til ein tonivåmodell,

basert på ein avdelingsstruktur som i hovudsak er skissert i ressurskartlegginga frå Telemarksforskning.

I den samanheng har kommunalsjefar og stabsleiar fått nye stillingar, og ein har

frå 1.september tilsett ein kommunalsjef for fag, økonomi og utvikling. Kommunedirektøren skal ha personal-, fag- og økonomiansvar for 11 mellomleiarar samt for kommunalsjefen.

Avdelingane som den nye kommunalsjefen skal leie innhald følgjande stillingar – sjå modellen nedanfor:



Når det gjeld fagansvaret så har vi fagleiarar knytt til områda kultur og oppvekst; helse og omsorg; stab og teknisk som vil bistå kommunedirektør. For område fag-, økonomi og utvikling er det tilsett kommunalsjef som også er kommunedirektøren stedfortreder.

Det er viktig at organisasjon har god kompetanse. Kommunedirektøren vil vise til at det er viktig og nødvendig med ein overordna kompetanseplan samt sektorvise kompetanseplanar som sikrar at vi har rett kompetanse på alle nivå.

Målet er å leggje til rette for betre opplæring, rettleiing og oppfølging enn det dagens modell gir rom for.

3.4 Vanylven kommune – tillitsbasert leiing

Dersom vi legg til grunn at kommunen har gode analysar av kommunen og dei utfordringar kommunen har, og at

kommunen har vedteke målsetje tiltak, korleis skal vi sikre at kommunen når desse måla?

Kommunedirektøren trur at kommunen må basere seg på tillitsbasert leiing, der leiarane i kommunen får få og tydelege mål, gjennom ein leiaravtale. Måltala vil i ettertid vise om mellomleiarane når desse måla.

Kommunedirektøren trur at tillit er ei betre styringsform enn detaljstyring. Dersom til dømes rektorane har som målsetjing å få ein «god skule», så er det mange måltal som kan kvalitetssikre om målet er oppnådd, slik at kommunedirektøren kan støtte opp under dei rektorane som eventuelt ikkje får dette til.

Dersom vi skulle bruke styring i staden for leiing, så er kommunedirektøren redd for at vi ikkje får nytta dei ulike kvalitetane mellomleiarane våre har. Det er no slik at alle har ulike styrkar og svakheiter. Kommunedirektøren er redd for at styring vil kunne hindre at styrkane til våre mellomleiarar blir utnytta. Til dømes vil det kunne vere ein rektor som har særskilt kompetanse på IKT som kan nyttast til å få betre skule, medan ein annan rektor har særskilt kompetanse knytt til fysisk fostring. Slike styrkar er ikkje alltid lett å ha kunnskap om, og det er ein risiko for at vi totalt sett får gode skular, dersom

kommunedirektøren gjennom styring skulle påleggje alle rektorane å ha fokus på fysisk fostring.

Kommunedirektøren ser at vi kan få ulikt fokus på dei ulike skulene, men kommunedirektøren trur at det er slik i resten av samfunnet også, og det viktigaste er uansett at elevane trivast – noko som kommunedirektøren trur er ein viktig føresetnad for læring. Det kan vi berre få til dersom vi rektorane kan utnytte sine styrkar i arbeidet opp i mot sine tilsette og elevar.

Det er klart at når vi skal leggje opp til tillitsbasert leiing, så er det viktig at alle mellomleiarane har same bakgrunn, og dette har Vanylven kommune oppnådd ved at om lag 40 tilsette har teke leiarutdanning ved Høgskulen på Vestlandet. Vidare må vi nå byggje på kompetanseheving, til dømes innanfor prosjektstyring og innkjøpsarbeid – der det er kartlagt for låg kompetanse og der kommunestyret har sett av midlar til kompetanseheving.

Kommunedirektøren legg til grunn at dersom kommunen legg om til tillitsbasert leiing, så vil kommunen òg takle forventingane som staten legg til kommunane knytt til effektivisering på 0,5 % per år.

4. Korleis ha oversikta i Vanylven kommune

Det som kan vere utfordrande er å ha ein oversikt over drifta av kommune, og dette gjeld tenesteproduksjon, drift og pågåande prosjekt – det siste både når

det gjeld investering og tenesteutvikling. Det er viktig at kommunen har ein overordna oversikt over dette, både for å kunne sikre at vi utføre oppdraget som kommunestyret har sett oss til å gjere samt at vi utføre dette på lovleg måte – og dette må vi rapportere tilbake til kommunestyret på.

4.1 Tenesteproduksjon

Kommunal tenesteproduksjon skal ta utgangspunkt i kommuneplanen, med tilhøyrande kommunedel- eller temaplanar. Til desse planane ligg det føre handlingsdelar og her vil det vere rapportering på utføring av desse som vil vere avgjerande å ta med ved og årsmelding.

På einskilde område så er det fastsett at det skal utarbeidast eigne tilstandsrapportar, og dette gjeld:

- barnevernet
- skule og barnehage

I tillegg vil det vere viktig med god informasjon til politikarane i politiske møte, og her vil møte- og temaplanen vere eit viktig verktøy for å sikre orienteringssaker, sjå punkt 6.

4.2 Sanntidsrapportering

Kommunestyret har innført sanntidsrapportering til fordel for tertialrapportering, og har vedteke denne endringa i økonomireglementet. Årsresultatet i 2024 tydeleggjorde behovet for hyppigare rapportering enn dagens tertialrapportering. Føremålet med sanntidsrapporteringa er å sikre kommunestyret, kommunedirektøren og dei tilsette kontinuerleg oppdatert styringsinformasjon. Samstundes vil ein auke transparens og gi betre grunnlag for tidleg korrigerande tiltak.

Rapporteringsforma er gjennom eit sanntidsdashboard i Power BI. Dette vert automatisk oppdatert frå

kommunens system: økonomisystem og fagsystem. Tala i sanntidsdashboardet vert oppdatert kvar 3.time, og gir slik hyppig oppdaterte styringsdata.

Det er no sanntidsrapportering på økonomi, sjukefråvær og ulike nøkkeltal frå andre fagsystem, samt utvalde fokusposter, og vi rapporterer òg på kontopostar som har avvik på meir enn kr 100.000.


Det vil bli framlagt ei kort politisk sak kvar tertial. Der ein vil oppsummere det som kjem fram i Power BI, med resultat og tiltak ved behov.

Tidlegare har administrasjonen rapportert på sjukefråvær på kommune- og sektornivå. Det vil no ikkje lenger bli rapportert i politisk sak, med unntak av når det er store avvik og vert sett inn tiltak.

Positiv ved sanntidsrapportering er at den er tidsbesparande og vil effektivisere administrasjonen samstundes som ein aukar frekvensen på rapporteringa. Sanntidsrapporteringa gjennom Power BI betyr at politikarar, leiarar, tilsette kan fylgje nøkkeltala som kjem fram i Power BI, til fordel for å vente på rapportering kvar tertial. Sanntidsrapporteringa gjev politikarane meir innsikt i rapporteringa enn den har gjort til no.

Kommunedirektøren vurderer at det positivt at sanntidsrapporteringa gjev politikarane, kommunedirektøren og dei tilsette oppdatert og god informasjon som er tilgjengeleg til ei

på vikar- og overtidsutgifter gjennom etablering av ressursbanken våren 2023.



Figur 1 Sanntidsrapport styringsdata for Vanylven kommune

hver tid. Kommunedirektøren vurderer det slik at sanntidsrapporteringa gjennom Power BI er tidsbesparande for administrasjonen og bidreg til å effektivisere rapporteringa, aukar transparens og gir betre grunnlag for tidleg korrigerande tiltak.

4.3 Drift – kontroll på økonomistyringa

Kommunane nyttar mykje tid på budsjettering og rapportering på budsjettbruk gjennom året. Men kvaliteten på dette ikkje betre enn kva periodisering er, og det er difor særskilt viktig at det nyttast god tid til periodisering. Vidare har vi sett at det kan vere utfordrande med drifta i helse- og omsorgssektoren og her er det etablert eit prosjekt for å sikre kontroll

4.4Prosjektstyring – porteføljestyling

Kommunen gjennomfører kvart år eit stort tal prosjekt, og det som vi vanlegvis rapporterer på er investeringsprosjekt. Erfaringstal viser at kommunen ikkje klarer å gjennomføre meir enn 50 % av det som er vedtek ei budsjettet.

Bakgrunnen for dette låge talet, er at vi ikkje har ein god nok oversikt over alle prosjekta som vi arbeidar med – dette gjeld både på investering og på tenesteproduksjonen.

Vanylven kommune har kartlagt kompetanse på prosjektstyring og denne er for låg. Vi lyste ut eit oppdrag for kompetanseheving på dette området, som starta opp hausten 2023,

for å sikre betre prosjektstyring i kommunen. Dette oppdraget vart gjeve til PWC.

Det viktigaste for tilbakerapporteringa vil her vere porteføljeoversikten, som du

finn under punkt 8 i dette dokument. Kommunen har porteføljeoversikt over prosjekt i Trello og som er visualisert gjennom Power BI.

5. Korleis ha kontroll i Vanylven kommune

Internkontroll er eit omgrep som er kjend for dei fleste, både innanfor privat og offentleg verksemdar. Tidlegare var internkontrollen til kommunen regulert i ulike lover, men i den nye kommunelova så vart alt samla og ansvaret var lagt til kommunedirektøren. Dette er ei av dei største og viktigste endringane i den nye kommunelova, og fordrar at kommunedirektøren tek eit tydeleg ansvar.

Kommunedirektøren i Vanylven kommune vil vise til at dette styringsdokumentet i seg sjølv kunne vere eit godt grunnlag for å dokumentere internkontrollarbeidet i kommunen. KS har utarbeidd ein eigen rettleiar «Orden i eget hus», som kommunedirektøren i hovudsak nyttar som utgangspunkt for internkontrollarbeidet i Vanylven kommune. I rettleiar til KS, blir det spesielt peika på at følgjande er viktig å ha fokus på i internkontrollarbeidet:

- Tydinga av å følgje opp kritiske risikoar; rapportering av tydelege risikoar og evne og vilje til å handtere (redusere) slike.
- Evne og vilje til å lære av ikkje ønskja hendingar; avvikshandtering og læringssløyfer; kvalitets- og forbettringsarbeid.
- Ansvar for vedlikehald og evaluering av internkontrollen – til dømes kor vidt tiltak som er sett i verk har ønska effekt; om rapporteringa fungerer etter intensjonane og gir tilstrekkeleg

grunnlag for avgjersle; om risikovurderingane er tilstrekkeleg eller for omfattande og så bort etter.

I kommunen er det ulik kultur for dette med internkontroll; innmelding av avvik og kvalitets- og forbettringsarbeid. Erfaringsmessig er det slik at helse- og omsorgssektoren er den som er best på denne type arbeid, og så er det viktig at resten av kommunen også tek del i dette arbeidet.

Viktigheita av internkontrollarbeidet viser seg tydeleg ved rapportering av avvik, då avvik ofte avdekkjer manglande rutinar på tenestoområde. Når det er manglande rutinar på eit tenestoområde, så viser kommunedirektøren til at dette ofte fordi er fordi det ikkje er utført ROS-analysar.

I denne samanheng visast det til at det er ROS-analysar som viser kva risiko det er ved ein type arbeid, og som såleis avdekkjer behovet for rutinar for å redusere risikoen. Utan ROS-analysar og rutinearbeid, så blir internkontrollen

berre rapportering og lukking av avvik, og manglar heilt kvalitets- og forbetningsarbeidet.


Kommunedirektøren har sett som krav at alle avdelingane i kommunen skal gjennomføre ROS-analyser kvart år, og sist det var gjennomført var i 2022 – og med hjelp frå bedriftshelsetenesta. I denne samanheng vil kommunedirektøren vise til at det kan vere både strategiar, reglement og

rutinar som kan gi føringar for kvalitetsarbeidet til kommune. Arbeid med ROS-analyse er under arbeid i 2025.

Arbeidet med internkontroll er for Vanylven kommune viktig og har eit lite etterslep, og det er difor utarbeidd eit eige reglement for internkontroll – som følgjer som vedlegg til dette dokument.

6. Møte- og temaplan for Vanylven kommune

Årshjul – møte og temaplan for 2025 i Plandisc.



Kommentert [TE3]: Kommunedirektøren nyttar Plandisc.

7. Prosjektstyring og porteføljeoversikt

Kommunen har i utgangspunktet god kontroll på lovpålagde driftsoppgåver, men har ofte store utfordringar med å prioritere prosjekt som skal utførast i tillegg til driftsoppgåvene – dette gjeld både investerings- og tenesteutviklingsprosjekt. Det er difor viktig for kommunedirektøren å sikre at vi har tilstrekkeleg med kompetanse og god nok oversikt over alle prosjekta våre. Dette slik at kommunestyret kan prioritere kva oppgåver som skal utførast og eventuelt kva prosjekt som skal prioriterast bort.

Kommunedirektøren viser til at det er ei utfordring når prosjekt ikkje blir utført og/eller blir gjennomført på ein ikkje tilfredsstillande måte. For å førebyggje dette, så har kommunedirektøren hatt ei kartlegging av kompetansenivået til sentrale tilsette i kommune – knytt til prosjektstyring. Denne viser eit for lågt nivå og at det difor er behov og nødvendig å styrke denne kompetansen.

Kommunestyret har vidare etter granskingssak til Fiskå skule – som var knytt til eit stort investeringsprosjekt vedteke å løyve midlar til å gjennomføre eit program for å styrke prosjektkompetanse i kommune, og dette er lyst ut og tildelt PwC. Det er også søkt om OU-midlar til dette prosjektet.

Det som er viktig for kommunedirektøren er at kommune har ein god oversikt over pågåande prosjekt og at dette blir eit levande dokument, for politikarane, tilsette og innbyggjarane.

Utfordringane som er, dersom vi ikkje har ein slik oversikt (porteføljeoversikt) er at vi kan starte prosjekt som vi ikkje har kapasitet til å gjennomføre – og ofte er dette knytt til personellressurssen.

Vidare vil det vere vanskeleg å synleggjere at kommunestyret må prioritere bort noko, dersom det er ønske frå kommunestyret om å starte med eit nytt prosjekt.

Dersom porteføljeoversikten skal vere eit nyttig dokument, så må det vere dynamisk og lett tilgjengeleg for alle – og det må vere oversiktleg knytt til ressursbruk og kva gevinst vi ønskjer å oppnå ved å gjennomføre ulike prosjekt.

Kommunedirektøren vil vidare peike på at det er viktig at alle prosjekt har ein prosjektplan, og ikkje minst at gjennomføring av prosjekta blir gjort i samsvar med rutinar for prosjektstyring – som er eit vedlegg til dette styringsdokumentet. Bakgrunnen for dette er at vi har fleire prosjekt, der det manglar litt på oppfølginga etter at prosjektplanen er utarbeidd.

Tidlegare har administrasjonen rapportert på prosjektoppfølgjing. Det er erstatta av portefølje gjennom sanntidsrapport ved Power BI. Her vil vi i tekstdelen kommentere avvik og utfordringar ved enkelte prosjekt.

Nedanfor er eit utkast frå porteføljeoversikta i Trello som er visualisert gjennom Power BI.

Porteføljeoversikt pr.01.10.2025

